

Nye Uskedelingar.

12.08.2016



Lislerud, dessverre i regn.

Familien Hermann/Fossli er nye uskedelingar sjølv om dei har budd i dalen eit år; fyrst på Haugland og sidan på eigedomen Lislerud (Sigurd Wang sitt gamle hus). Då Uskedalen.no snakka med Monica Hermann i går var ho litt skeptisk til å verta intervjuet. Etter litt småprat sa ho likevel ja, og idag møtte vi henne heime på Lislerud.



Monica Hermann.

Monica er født i Århus i Danmark med dansk far og mor frå Borgundøy. Då ho var 2 år gamal, flytta familien til Haugesund og vidare til Kolnes på fastlands Karmøy. Der vaks ho opp. Som vaksen studerte ho farmasi (lære om lekemidlar) i Oslo. Ho jobba som professor i Oslo før ho kom hit. Ho tok doktorgraden i 2015 om effekten av lekemidlar på menneske. Kort sagt kan innhaldet i doktorgraden seiast på fylgjande vis: 'kvifor får Hansen bivirkningar mens Jensen ikkje får, sjølv om dei brukar same medisin og samme dose'. Dette har med ulik funksjon i levra hos ulike menneske å gjera. Det er levra som omset medikamentar. Og som ho også sa så har alle medikament bivirkningar.

Dei var ganske bestemt på at dei ikkje ville bu i Oslo. Dei ville nærare naturen. Dei sette opp ei liste over moment som måtte vera med der dei skulle flytta til: fjell, klatrehøve, sjø og fising. Vestlandet peikte seg då ut. Broren til Monica er ein lidenskapeleg fiskar, og han hadde vore og fiska i Uskedalselva og han sa: Reis til Uskedal, der er ei fin fiskeelv og der er mange kjekke menneske.

Dei byrja då og fylgja med på hus til salgs i Uskedalen. Dei hadde også kome over nettavisa våres og lært mykje om Uskedalen der. Dei var på vitjing i Uskedalen og budde på Rabben Campingplass i 5 dagar, 4 med regn og 1 med sol. Men vêret har ikkje mykje å seia for oss, skyt ho inn. Dei fekk tilbod på Lislrud og flytta inn i eit særst uferdig hus like før jul ifjor. Huset har dei renovert og er fantastisk flott.

Inntil no har ho pendla frå Uskedalen til jobben i Oslo. No har ho fått seg eit professorat på Høgskulen på Stord. Då vi spør om ho trur at dagleg pendling til Stord vert strevsomt, svarar at når ho til no har pendla til Oslo så ser ho ikkje på pendling til Stord som pendling i heile teke.

Familien har 4 små born og ho trivest som småbarnsmor.

Vi ynskjer dei hjarteleg velkommen som Uskedelingar.

Tekst og foto: Reidar Myklebust

Nett: Thor Inge Døssland